

Fullt hus med Vassendgutane

14.05.2010

I kveld ligg det an til ein ny, stor kveld i Dønhauglåven. Sjølvaste Vassendgutane kjem til Uskedalen fjerde året på rad og alt tyder på at det blir fullt hus også denne gongen - slik det har vore under dei tidlegare konsertane til dette populære bandet..

I føremiddag kan Magne Huglen opplyse at det er seld 400 billetter, men det er framleis nokre til sals hjå Statoil på Husnes og SPAR i Uskedalen.

Truleg vil det også vera mogeleg å få billetter i porten hvis ein møter fram der klokka 17.

Porten opnar klokka 20.30 og gutane spelar opp ein time etterpå. Dei som er redde for at det skal bli kjølig på låven treng ikkje engsta seg. Huglen lovar at varmeanlegget er framifrå og vil fungera perfekt..

Vassendgutane har dei siste åra vore eitt av landets mest populære band både hjå den eldre og den yngre garde - maken til besøkstal har ingen klart å slå på lenge. Ikkje minst ektheiten slår an - gutane serverer tekstar frå lokalmiljøet på ramsalt Møredialekt!

Det er sett opp bussar både innover og utover.

Av Ola Matti Mathisen